

Aukande rekrutteringsutfordringar i offentlig sektor

- Tal for februar viser ein aukande avstand mellom arbeidskraftbehovet og tilgangen på etterspurt arbeidskraft i offentlig sektor, seier Olaug Flø Brekke, fylkesdirektør i NAV Møre og Romsdal.

Ved utgangen av februar var det 1.719 personar heilt utan arbeid i Møre og Romsdal. Dette utgjør 1,4 prosent av arbeidsstyrken og er ein nedgang på 20,1 prosent samanlikna med same periode i fjor, og ein nedgang på 3,2 prosent i høve til sist månad. I februar var 570 personar på ulike arbeidsmarknadstiltak. Til saman gir dette ei brutto arbeidsløysa på 2.289 personar i fylket. Blant kvinnene i fylket er arbeidsløysa no 1,3 prosent medan den blant mennene er 1,4 prosent.

I landet er det 41.977 heilt ledige. Dette utgjør 1,7 prosent av arbeidsstyrken og er ein nedgang på 19,4 prosent samanlikna med same periode i fjor, og ein nedgang på 6,0 prosent i høve til sist månad.

Mest ned blant helse, pleie og omsorg

Det har vore nedgang blant dei heilt ledige innan alle yrkesgrupper siste år med unntak av akademiske yrke. Her er det ei auke på 10 prosent og det er no 32 heilt ledige personar i denne yrkesgruppa. Størst nedgang har det vore blant dei med bakgrunn innan helse, pleie og omsorg, meklarar og konsulentar og butikk- og salsarbeid med høvesvis 34, 32 og 28 prosent. Blant personar med yrkesbakgrunn frå offentlig sektor har det vore ein nedgang på 24 prosent siste år, som er større enn den generelle nedgangen i fylket på 20 prosent.

Målt i talet på personar er det no flest ledige innan yrkesgruppene industriarbeid (291 personar), bygg og anlegg (204) og reiseliv og transport (188), medan det er færrest innan leiarar (29), akademiske yrke (32) og ingeniørar og ikt-fag (36).

Auka etterspørsel frå offentlig sektor

Utlyste stillingar i februar synar at stillingar som typisk høyrer til offentlig sektor, har stor auke i høve til same tid i fjor. Innan barne- og ungdomsarbeid blei det utlyst 56 stillingar som er 107 prosent fleire enn februar i fjor, medan det innan undervisning blei utlyst 121 stillingar som er ei auke på 89 prosent. Etterspørselen målt i utlyste stillingar er klart størst innan helse, pleie og omsorg med 613 stillingar i februar, som er 4,8 prosent fleire enn same tid i fjor. Yrke som høyrer til offentlig sektor har ei auke i utlyste stillingar på totalt 17 prosent siste år. Det er nedgang i etterspørsel etter arbeidskraft innan industri og akademiske yrke. Det blei i februar utlyst 199 stillingar innan industri og 55 innan akademiske yrke. Dette er ein nedgang på høvesvis 22 og 15 prosent samanlikna med februar i fjor. Alle andre yrkesgrupper har auke i utlyste stillingar. I februar blei det lyst ut totalt 2.306 stillingar i fylket som er 15 prosent fleire enn same tid i fjor.

- Utlyste stillingar innan helse, pleie og omsorg sett i høve til talet på heilt ledige med denne yrkesbakgrunnen (97 personar) seier mykje om rekrutteringsvanskane som denne sektoren har og vil ha framover. Det er derfor viktig, både i denne og andre næringar, å tenkje både kreativt og alternativt i rekrutteringssamanheng om ein skal lukkast med å besette ledige stillingar, seier Flø Brekke.

Kommunar med auke i ledigheta

Nokre kommunar har ei større auke i talet på heilt ledige sist månad. I Fræna og Averøy kan mykje av auken forklarast med permitteringar medan i Gjemnes gjekk eit større firma konkurs. I Aure så skyldes auken spesielle tiltak mot ungdom, som har krevje at desse ungdommane melder seg ledige, og ei generell tilflytting til kommunen kor nokre av desse har meld seg ledige. Blant det heilt ledige i fylket er det 131 permitterte personar kor 51 er relatert til fiskeindustri.

Tabellar:**Talet på heilt ledige –
februar 2008**

Fylke	Menn	Kvinner	Sum	I prosent av arbeidsstyrken	Endring siste mnd	Endring siste år
01 Østfold	1432	1179	2611	2,0 %	-340	-523
02 Akershus	1745	1481	3226	1,2 %	-144	-1142
03 Oslo	3800	2868	6668	2,2 %	-353	-1621
04 Hedmark	985	705	1690	1,8 %	-117	-469
05 Oppland	718	541	1259	1,4 %	-156	-147
06 Buskerud	1078	959	2037	1,5 %	-100	-795
07 Vestfold	1121	928	2049	1,8 %	-148	-388
08 Telemark	977	712	1689	2,0 %	-88	-275
09 Aust-Agder	500	416	916	1,8 %	-112	-152
10 Vest-Agder	681	599	1280	1,6 %	-145	-303
11 Rogaland	1225	1092	2317	1,1 %	-70	-738
12 Hordaland	2062	1776	3838	1,6 %	-283	-1181
14 Sogn og Fjordane	348	252	600	1,1 %	-53	-235
15 Møre og Romsdal	947	772	1719	1,4 %	-56	-433
16 Sør-Trøndelag	1829	1415	3244	2,2 %	-98	-353
17 Nord-Trøndelag	815	599	1414	2,2 %	-77	-53
18 Nordland	1564	1150	2714	2,3 %	-151	-631
19 Troms	974	515	1489	1,9 %	-145	-490
20 Finnmark	848	369	1217	3,3 %	-39	-153
Riket	23649	18328	41977	1,7 %	-2675	-10082

**Talet på heilt ledige –
februar 2008**

Kommune	Menn	Kvinner	Sum	I prosent av arbeidsstyrken	Endring siste mnd	Endring siste år
1502 Molde	91	51	142	1,1 %	-5	-46
1504 Ålesund	182	148	330	1,5 %	-17	-120
1505 Kristiansund*	147	101	248	2,2 %	-4	-51
1511 Vanylven	17	11	28	1,6 %	-4	-8
1514 Sande	4	4	8	0,6 %	-3	-9
1515 Herøy	16	25	41	1,0 %	-3	-27
1516 Ulstein	10	10	20	0,6 %	-10	-23
1517 Hareid	19	11	30	1,3 %	-5	-12
1519 Volda	31	17	48	1,2 %	-10	-28
1520 Ørsta	30	22	52	1,0 %	-10	-39
1523 Ørskog	8	10	18	1,6 %	-4	8
1524 Norddal	3	4	7	0,7 %	-1	-3
1525 Stranda	8	5	13	0,5 %	-5	-4
1526 Stordal	3	2	5	1,0 %	-1	0
1528 Sykkylven	26	18	44	1,1 %	2	14
1529 Skodje	10	11	21	1,1 %	-1	-8
1531 Sula	20	22	42	1,1 %	-3	-21
1532 Giske	14	22	36	1,1 %	-2	-1
1534 Haram	12	27	39	0,9 %	-2	-12
1535 Vestnes	18	20	38	1,2 %	4	-4
1539 Rauma	48	25	73	2,0 %	2	12
1543 Nesset	20	7	27	1,8 %	-6	1
1545 Midsund	5	2	7	0,7 %	0	-4
1546 Sandøy	2	4	6	0,9 %	1	3
1547 Aukra	10	11	21	1,3 %	3	8
1548 Fræna	38	29	67	1,4 %	13	-8
1551 Eide	8	12	20	1,2 %	-5	-14
1554 Averøy	20	32	52	1,9 %	12	1
1557 Gjemnes	17	10	27	1,9 %	11	8
1560 Tingvoll	13	9	22	1,5 %	3	0
1563 Sunndal	38	18	56	1,5 %	-3	-9
1566 Surnadal	18	28	46	1,6 %	0	-21
1567 Rindal	5	7	12	1,2 %	0	1
1571 Halså	5	4	9	1,1 %	-3	-18
1573 Smøla	10	8	18	1,7 %	-1	-6
1576 Aure	11	17	28	1,6 %	8	-10
Justering**	10	8	18		-7	17
Sum	947	772	1719	1,4 %	-56	-433

* Kommune 1505 Kristiansund er resultat av samanslåinga mellom kommunane Kristiansund og Frei den 01.01.08. Endringstala siste månad/siste år for 1505 Kristiansund ses i forhold til summen av tilsvarende tal for Kristiansund og Frei i 2007.

** Personar busett i kommunar i Møre og Romsdal men som er registrert ved NAV arbeid lokalt i andre fylke.